



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Plastsortering

3/2013

DESEMBER • ÅRGANG 20



SKYL



TØRK



KAST

Trongt om plassen i restavfallet? Lyst å gjera ein innsats for miljøet?
Då kan **plastsortering** vera vegen å gå.



Skyl

KORLEIS?

Størstedelen av plastemballasjen er rein når den er tom. Tilgrisa emballasje kan du skylja i kaldt vatn og reingjera med oppvaskbørsten. Her må ein bruka sunn fornuft: går det for mykje varmt vatn til for å reingjera emballasjen skikkeleg, er det betre om den går i restavfallet.



Tørk

KORLEIS?

Rist av vatnet slik at emballasjen er nokonlunde tørr.



Kast

KORLEIS?

Hjå SIM får du spesialsekker som du kan kasta platen i. Deretter kan du levera sekken kostnadsfritt på miljøsentralen, og samstundes få nye sekker, dersom du treng det.

✓ Jatakk

All rein emballasjeplast. Til dømes:

- Plastflasker- kanner
- Plastfolie- plastposar
- Plastboksar- beger-
- Blomsterpotter
- Isopor (EPS)

✗ Neitakk

- Tilgrisa plast (matrester etc.)
- Plastemballasje med restar av farlig avfall
- Plast som ikke er emballasje (f.eks leiker, møblar osv.)

Gjenvinning

Sortert plastemballasje vert sendt til oppsamling og pressing før det vert frakta til store sorteringsanlegg. Om lag halvparten av platen går til Swerec i Sverige, resten til Alba eller Dela i nord-Tyskland. Omlag 80% av all innsamla mengde blir sortert ut til materialgjenvinning.

KJELDE: GRØNT PUNKT, NORGE

Korleis fungerer plastordninga i SIM?

SIM si plastordning er ei *bringeordning*. Det vil seia at alle som ynskjer kan få spesiallaga sekker hjå SIM, som dei sjølv bringar til miljøsentralen. SIM er inne i ein prosess der ein vurderer om det skal innførast ei henteordning for alle abonnentane. Ei slik ordninga vil medføra auke i gebyret, av di den vil medføra auka kostnadar for SIM.

For abonnentar i Fitjar er det mogeleg å melda seg på ei *prøveordning* der plasten vert *henta*. Ordninga var fyrst kostnadsfri, men då abonnentane måtte betale kostnaden med ordninga ynskte berre 8 % å vera med å betala for å få henta plast heime hjå seg.

Korleis går du fram?

Få plastsekker hos SIM. Det kan du gjera på to måtar:

- Hent på miljøsentralen
- Ring eller send epost til SIM så sender me i posten.



Deretter føl du råda her i bladet. Når sekken er full tek du den med deg til miljøsentralen og kastar den i konteinaren for plastemballasje.

NB: Berre spesialsykkane du får hjå SIM skal brukast til sortering.

VISSTE DU AT...

- Total energibesparelse ved materialgjenvinning er 13,2 kwh pr innsamla kg plastemballasje.
- Nordmenn bruker omtrent 15 kg plastemballasje kvar i året (hushald).
- For kvar kilo plast som vert gjenvunne, sparar me to kilo olje.

KJELDE: GRØNT PUNKT, NORGE

Hjelp sjåførane

Dersom me får ein kald og glatt vinter, får det konsekvensar for alle, også sjåførane i SIM. Ved å leggja til rette for at dei på best mogeleg måte kan få køyra oppsett rute, er du med å hjelpa både deg sjølv og dei. Renovasjonsforskriftene pålegg eigar/bruksrettsinnehavar av privat veg ansvar for vedlikehald av vegbanen, grøfter og andre innretningar knytt til vegen. Dette inneber også brøyting i full vegbreidd og strøing av glatte parti. Også snuplassar må måkast og strøast.



Opningstider miljøsentralane

SIM sine miljøsentralar er opne som vanleg i romjula. Opningstidene finn du på siste sida i bladet.

Tømmekalender 2014

Ny tømmekalender er på veg i posten til deg. Sjå tømmekalenderen for endring i rutene ved rørlige heilagdagar.

Det vil også koma endring i opningstidene på miljøsentralane i Bømlø og Sveio frå 2014.

VISSTE DU AT...

Julegåvepapir er restavfall

Julegåvepapir og pakkeband skal kastast i restavfallsdunken og ikkje i dunken for papir. Årsaka er at gåvepapir er gjennomfarga og inneheld for lite fiber til at det kan attvinnast til nytt papir.

SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar

OFFENTLEG INFORMASJON

Ekstrasekk eller betre sortering

I samband med jula får ein gjerne litt ekstra bos.

Det beste er om ein prøver å sortera betre, då lærer ein seg samstundes gode vanar for resten av året. Mellom anna kan alle i ein SIM-kommune få spesialekker der ein kan sortera ut emballasjeplast, noko som igjen vil føra til stor reduksjon av restavfall. Mykje av det som hamnar i restavfallet er nemleg emballasjeplast. Regelen her er at dersom plasten er rein og brukt til emballasje, kan du kostnadsfritt levera den til ein av SIM sine miljøsentralar (sjå s. 2 og 3 om plast).

SIM sine miljøsentralar held ope som normalt i romjula, og for dei som ynskjer er det mogeleg å koma innom og levera bos. Heiane miljøsentral til dømes, er open frå 10.00 til 18.00 kvardagar og 10.00 til 14.00 på laurdagar.

Ekstrasekk

For dei som ikkje ynskjer å kjøra til miljøsentralen, er det mogeleg å kjøpa ekstrasekk. Den set du ut med restavfallet. Sekken kostar 50 kr, og vert seld på alle SIM sine miljøsentralar. I tillegg får du kjøpt den i kundemottaket i kommunen eller ein kan kontakta SIM.

Det siste alternativet for å få ned avfallsmengda er kanskje det enklaste, men likevel det vanskelegaste; å kjøpa mindre. I julegåve kan ein til dømes gje vekk opplevingar, tenester eller noko ein har laga sjølv.



OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Torsdag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaften, julaften og nyttårsaftan stengt.

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars: Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaften, julaften og nyttårsaftan stengt.

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00–18.00.

Påskeaften, julaften og nyttårsaftan stengt.

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 13.00–18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00–13.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars: Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaften, julaften og nyttårsaftan stengt.

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag–fredag kl. 10.00–18.00

Laurdag kl. 10.00–14.00

Påskeaften, julaften og nyttårsaftan stengt.

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaften, julaften og nyttårsaftan stengt.

TYSNES, EREDALEN

Tysdag kl. 10.00–18.00.

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00.

Påskeaften, julaften og nyttårsaftan stengt.



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as